
Saksnr: 2021/26435-7
Saksbehandlar Katharine Louise Clarke
Dato: 17.08.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør Bård Sandal

Nytt EU-nettverk for mobilisering til Horisont Europa i Vestland

Innleiing

Noregs forskingsråd og Innovasjon Norge lyste ut midlar til nye nettverksprosjekt for mobilisering til Horisont Europa med frist 12. mai i år. Føremålet for nettverka er å bidra til å mobilisere og støtte aktørar frå ulike sektorar for å finne saman i søknadar til Horisont Europa. Prosjekt skal har ei forankring i regionale planar og strategiar. Vestland fylkeskommune ved Avdelinga for innovasjon og næringsutvikling søkte prosjektmidlar til eit nettverk «Horisont Vestland» saman med fleire av våre regionale samarbeidspartnarar. Fylkeskommunen står som prosjektansvarleg og prosjektleiar. Søknaden blei innvilga rett før sumarferien. Tildelinga er på 500 000 kroner kvart år i tre år. Nettverket «Horisont Vestland» er no blitt eit regionalt samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, kommunane i Vestland, næringsorganisasjonane, utdanning og forskning. Fylkeskommunen inngår eit formelt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, NORCE, Vestlandsforskning, VIS og Bergen kommune for gjennomføringa. I tillegg trekker partnarane vekslar på KS Vestlandet, Vest-Norges Brusselkontor og Sunnfjord kommune.

Kort om programmet Horisont Europa

Horisont Europa er verdas største forskings- og innovasjonsprogram med eit totalt budsjett på 95,5 milliardar EURO. Av dette skal 53,5 milliardar EURO går til å finansiere samarbeidsprosjekt under viktige temaområde, eller «klynger / clusters», som EU-kommisjonen definerer som globale utfordringar. Desse tema er:

- Helse
- Kultur, kreativitet og inkluderande samfunn
- Samfunnstryggleik
- Digitalisering, næringsliv og romverksemd
- Klima, energi og mobilitet
- Mat, bioøkonomi, naturressursar, jordbruk og miljø.

Pilar II – Globale utfordringer og konkurransedyktig næringsliv: Klynger og tiltaksområder					
Helse	Kultur, kreativitet og inkluderende samfunn	Samfunns-sikkerhet	Digitalisering, næringsliv og romvirksomhet	Klima, energi og mobilitet	Mat, bioøkonomi, naturressurser, jordbruk og miljø
<ul style="list-style-type: none"> • Health throughout the life course • Environmental and social health determinants • Non-communicable and rare diseases • Infectious Diseases • Tools, technologies and digital solutions for health and care 	<ul style="list-style-type: none"> • Democracy and governance • Culture, cultural heritage and creativity • Social and Economic Transformations 	<ul style="list-style-type: none"> • Disaster-Resilient Societies • Protection and Security • Cybersecurity 	<ul style="list-style-type: none"> • Manufacturing Technologies • Key Digital Technologies • Emerging enabling technologies • Advanced Materials • Artificial intelligence and robotics • Next Generation Internet • Advanced Computing and Big Data • Circular Industries • Low-carbon and clean Industry • Space 	<ul style="list-style-type: none"> • Climate science and solutions • Energy Supply • Energy systems and grids • Buildings and Industrial Facilities in Energy Transition • Communities and Cities • Industrial competitiveness in transport • Clean, safe and accessible transport and mobility • Smart mobility • Energy storage 	<ul style="list-style-type: none"> • Environmental observations • Biodiversity and Natural Capital • Agriculture, forestry and rural areas • Seas, Oceans and Inland Waters • Food systems • Bio-based innovation systems in the EU bioeconomy • Circular systems

Diagram 1: Pilar 2 under Horisont Europa programmet 2021-2027

Utlysningane kjem to gongar i året under spesifikke og spissa tema som EU-kommisjon ønskjer å prioritere. Utlysingsteksten fortel kor mange prosjekt som får finansiering under kvart tema og kor stort prosjektbudsjettet kan vere. Dei fleste prosjekta har store budsjett på mellom fire og syv millionar EURO. Det er stor konkurranse om midlane.

I tillegg definerer Horisont Europa program fem store samfunnsoppdrag eller «missions» som også får finansiering under eigne utlysingar, som også kjem to gongar i året.

Samfunnsoppdrag (missions) i Horisont Europa				
Samfunnsoppdrag 1	Samfunnsoppdrag 2	Samfunnsoppdrag 3	Samfunnsoppdrag 4	Samfunnsoppdrag 5
Tilpasning til klimaendringar, inkludert samfunnsendring	Kreft	Sunne hav, kystområder og vassdrag	Klimanøytrale og smarte byer	Jordhelse og mat

Diagram 2: Missions under Horisont Europa 2021-2027

«Missions» har klare målretta tematiske oppdrag, set ein politisk dagsorden og skaper folkeleg engasjement for oppdraget som skal løysast. Under «Missions» kjem programmet til å bygge ein portefølje med prosjekt nedanfrå og opp («bottom-up»).

Om nettverket og prosjekt Horisont Vestland

Horisont Vestland er eit breitt regionalt samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, kommunane, næringsorganisasjonane, utdanning og forskning. Fylkeskommunen inngår eit formelt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, NORCE, Vestlandsforskning, VIS og Bergen kommune for gjennomføringa. I tillegg trekker partnarane veksler på KS Vestlandet, Vest-Norges Brusselkontor og Sunnfjord kommune.

Prosjektet skal mobilisere til, legge grunnlaget for og støtte utvikling av prosjektsøknader til Horisont Europa for partnerar frå Vestland fylke. Horisont Vestland har som mål å løyse globale samfunnsutfordringar med stor strategisk betydning for Vestland.

Aktivitetane er forankra i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033. Gjennom prosjektaktivitetar vil vi definere dei viktigaste innovasjonsprosjekta som kan være attraktive for EU-finansiering under Horisont Europa, med fokus på tema som er strategisk viktige for Vestland. Døme kan vere energiomstilling, blå vekst, sirkulærøkonomi, klimautfordringar, miljø- og berekraft og utsleppsreduksjon. Etterverknad av koronakrisa og megatrendar avdekka i rapporten Vestlandsscenarioa 2020 er også lagt til grunn.

Anna samarbeid

Universitet i Bergen ved Energiomstilling Vest har samstundes fått innvilga prosjektmidlar for eit tematisk nettverk «Oceans of Opportunity» som også skal mobilisere til Horisont Europa. Horisont Vestland og Energiomstilling Vest har diskutert eit samarbeid om planlegging og gjennomføring av felles arrangement i vår region der det er føremålstenleg. Universitet i Stavanger kjem til å drive Rogaland sitt regionale nettverk. Vi vil sikre eit tett samarbeid også med dem for å unngå overlapp og for å best utnytte ressursane.

Forankring av nettverksarbeidet i Vestland

Prosjektet er organisert som eit nettverk der partnerane samarbeider for å opprette og halde ved like eit innovasjonsøkosystem for mobilisering til søknader med høg kvalitet til Horisont Europa. Tre arbeidsgrupper kjem til å arbeide med tema som er strategisk viktig for Vestland. Ein samarbeidspartnar frå FoU-sektoren leiar kvar temagruppe. NORCE, Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet har alle sterke forskingsmiljø med forskarar og forskingsrådgjevarar med lang erfaring med prosjektutvikling og -gjennomføring. Kvar av dei tre forskingsinstitusjonane vil ha ansvar for å leie ei temagruppe: T1: Klimaomstilling, blå vekst og sirkulær økonomi (NORCE), T2: Smarte, sunne, og helsebringande samfunn (VF) og T3: Grøn omstilling (HVL).

Prosjektet vil bygge ein open kultur for deling av informasjon og kunnskap for å spele kvarandre gode. Målet er å auke talet for prosjekt frå Vestland, som er forankra i Vestland fylkeskommune sine regionale planar.

Organisering

Prosjektet har ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Seksjonssjef Kathrin Jakobsen i avdeling for innovasjon og næringsutvikling leiar styringsgruppa. Alle samarbeidspartnarar i prosjektet er representert her på leiarnivå mens arbeidsgruppa er på rådgjevarnivå. Styringsgruppa har overordna ansvar for gjennomføring og skal gi retning og oversikt over bruk av midlane, mens arbeidsgruppa planlegg og gjennomfører aktivitetar. Katharine Clarke, seniorrådgjevar på avdelinga for innovasjon og næringsutvikling skal vere prosjektleiar i 40% stilling.